

Di stemme tel i Kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september.

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatane til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet i Jondal har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatane til soknerådet og leie kyrkjelyden dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatane ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Vedval til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Bjørgvin stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatane og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Første veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala www.jondalkyrkje.no eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Visste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.